



Vegard og Eva før dei opna med Vitae Lux

Kyrkjebileet held fram med den same høge standard og konserten ikveld i kyrkja låg på eit nivå musikalsk sett som også gjester frå andre bygder var imponerte over. Men kyrkja kunne vore fylt til siste plass og i alle fall av fleire enn knapt 100 betalende. Også regien i Kristian Bringedal sin rutinerde ramme fortener ros, her var det ikkje mange feilsteg. Dei 2 timane hadde eit så tett innhald at dei gjekk fort unna.



Gjest frå Haugesund var kantor Håvard Skaadel

Utan at vi skal setta opp noko karakterbok kjem ikkje vi bort frå at vi vert stadig meir imponert over Vegard Døssland for kvar konsert vi høyrer han i og denne gongen var han best i Domen av Jan Magne Førde sjølv om tolkinga av Eg veit i himmelrik ei borg også var eit 100-årsjubileum verdig.



Den lokale songgruppa song to vare songar frå gamle dagar

Dei to kantorane som var med - Håvard Skaadel og Eva Megyesi imponerte på kvar sin måte men det var tydeleg at Eva kjende seg mest heime på uskedalsorgelet.



Maria kan meir enn å dirigera

Eit spennande stafettspel fann stad då Skaadel tok over Kling no klokka med variasjonar av Njål Steinland frå Røysterett for alles tradisjonelle versjon. Apropos koret så demonstrerte det igjen aukande form og stort musikalsk spenn og dirigent Maria Malmsten viste atter ein gong at ho kan meir enn å dirigera. Ho har ei vakker røyst og framførte 3 svenske songer frå havet, men høyrde dei heime i denne samanhengen?



Godt besøk kunne ha vore betre

Konserten var også ein stor kveld for salmesongen og då ikkje minst ein skikkeleg introduksjon av den nye salmeboka med Edvard Hoems produksjon på topp og Kirken den er et gammelt hus som ein mektig konklusjon. Salmeboka skulle ha vore klår til ikveld, men no er ho like rundt hjørnet.



Musikklaget har aukande formkurve

Ein må heller ikkje gløyma musikklaget som held ein imponerande standard trass i alder og lang teneste.

Bilete frå Jublieumskonserten : [Klikk her](#)

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Hans Ordin Østebø